



# Med sykkeltoget til Lofoten

To reisande står på Værnes stasjon med togbilletten flagrande rundt halsen, som to ungar som reiser åleine. Det er to sykklar på veg til Lofoten.

**Tekst og foto:** MARIT BENDZ

Lonely Planet har kåra Nordlandsbanen til ei av dei åtte vakraste nattogstrekningane i Europa. Det gjeld sjølvsagt om sommaren, når det aldri vert mørkt, og polarsirkelen vert kryssa i eit lys dei fleste aldri har sett maken til.

Syklane og vi hjulryttarar har

likevel billetter til dagtoget til Bodø. Der ventar ferja til Moskenes og eit lovande tidagsvarsel på yr.no.

## Go to Hell

Bilen lét vi stå på Hell, ein enklare, rimelegare og tryggare stad å parkere enn Trondheim. Etter den opphavlege definisjonen startar Nordlandsbanen nettopp her. Det første stortingsvedtaket om bygging av banen i 1894 gjaldt strekninga frå Hell til Sunnan. Frå 1905 heilt fram til 1926 var Sunnan endestasjon på Nordlandsbanen, på grunn av usemje i

Innherad om kvar ein skulle leggje den nye traseen. Dei to alternativa var Namsos og Snåsa, og til slutt vart Snåsa vald, medan ein bygde Namsosbanen som eit sidespor frå Grong. Nordlandsbanen vart sia opna i mange etappar: til Grong 1929, Mosjøen 1940, Lønsdal 1947, Fauske 1958 og heilt fram til Bodø 1962.

Delar av banen vart bygde av sovjetiske krigsfangar under andre verdenskrigen. Tyskarane planla faktisk jernbane heilt til Kirkenes, men dette arbeidet vart stogga etter frigjeringa i 1945.

Banen går framleis på diesel.

Den landsdekkjande organisasjonen For Jernbane arbeider for at Nordlandsbanen vert elektrifisert og jernbanen ført fram til Tromsø og vidare til Alta.

## Reise med hakeslepp

Det er tidleg morgon på Værnes stasjon, der vi har selskap av ein ung russisk familie på tre.

Vi heldt på å gjere den store bommertent å vente på Hell, under skiltet med Hell Gods-Expedition, eit ynda fotomotiv for utanlandske turistar. Men Hell stasjon er i dag ein liten lokalstasjon sør for Værnes stasjon, rett før Meråker-

banen over Storlien tek av.

Sykkelbilletane har vi kjøpt i Trondheim, for dei kan ikkje tingast på nettet. Våre egne billetter brenn i lomma, ein av oss har aldri vore i Nordland før.

Det er god plass på toget, ein triveleg konduktør hjelper oss med å lempe dei nedlasta syklane inn i «sykkelvogna», eit mørkt rom der eit par andre likesinna står i mørkret og ventar spent på kva eventyr som ligg framfor dei når dei slepp ut i lyset att.

Vi set oss godt til rette med boka Ulven frå steppene om Djengis Khan, ein annan ryttar,

**SYKKELDORADO:** Nordlandsbanen er inngangsporten til Lofoten, eit stadig meir populært reisemål også for nordmenn.



**REISER ÅLEINE:** To spente sykklar på veg til Lofoten på eventyr.





**MOSJØEN STASJON:** Gjensyn og farvel, røykepause og ein prat med konduktøren.



**MILITÆRTRANSPORT:** Mange «søringar» som avtener verneplikta i Nord-Noreg, kjenner Nordlandsbanen.



**MAGISK PASSERING:** Når vi kryssar polarsirkelen på Saltfjellet, er vi glade for å sitje i ein god varm kupé.



**ATTGROING:** Laksfossen i Vefsna kan skimtast bak ein grøn, transparent vegg.



**TURISTATTRAKSJON:** Vi heldt på å bli ståande att på Hell stasjon.

**NORDLANDSBANEN**

- Offisielt opna til Bodø 7. juni 1962
- 729 km frå Trondheim til Bodø
- 295 bruer
- 154 tunnelar
- 734 planovergangar
- 43 stasjonar
- Høgste punkt på Saltfjellet, 680 moh

ikkje fullt så fredeleg som oss to, og ventar på denne vakre togreisa.

Under normale tilhøve ville det vere bortkasta å ta nattog i Noreg, med tanke på alle dei utsyn som gjev hakeslepp som norske jernbanestrekningar kan gje, skriv Lonely Planet i si grunngeving for å plassere Nordlandsbanen blant dei åtte beste nattogstrekningane i Europa, og held fram; Men det er to føremoner med den ti timar lange togturen mellom Trondheim og Bodø. For det første vil du ikkje gå glipp av noko som helst dersom du tek turen om sommaren når sola knapt går ned. For det andre er norske tog svært så

komfortable, og ein kupé på eit nattog er eit røvarkjøp i eit land der det meste er dyrt.

**Fjordlina**

Kanskje vert ein blasert av å ha tøffa på så mange spektakulære jernbanar, vi ser ikkje heilt det storslåtte den første timen, tvert om ser vi mykje skog. Uendeleg med grøn skog. Men vi kan skimte jorde, Snåsavatnet, trønderlåner og små raude stover i tidelen av eit sekund mellom trea. Attgroinga gjer at Djengis Khan tek storparten av merksemda. På kvar stasjon er dei same passasjerane dei første til å hoppe av for å rekke nokre

trekk av ein sigarett før konduktøren blæs i fløyta.

Men så skjer det noko, frå flatt til bølgjande landskap. Opp Namdalen reiser mektige fjell seg på kvar side. Ulven frå steppene får kvile i sekken når vi passerer Maja-vatn og Børgfjell Nasjonalpark.

Ikkje mange andre europeiske jernbanar snirklar seg langs fjordar. Bergensbanen har eit lite stykke langs Sørfjorden nord for Bergen, elles er det ei unik oppleving å kome ned til Vefsnfjorden. Landskapet endrar seg heile tida og vert opnare. Kraftige, langstrakte fjell siglar ned i fjorden.

I Mosjøen går det russiske paret

med den vesle jenta av, vi lurar på om den eldre dama som møter dei, er mormor som har funne seg ein nordlending?

**Vegen til Lofoten**

Opp Drevjedalen, ned til Ranafjorden. Så ber det opp igjen, gjennom Dunderlandsdalen mot Saltfjellet og det høgste punktet på Nordlandsbanen: 680 moh. Snøen ligg framleis her i midten av juni. Polarsirkelmerket står og hutrar i grå, våt skodde. I dag er det dessverre ikkje eingong sol midt på dagen.

Hundrevis av elgar endar livet sitt på Nordlandsbanen kvart år, men vi har ikkje køyrt på nokon på

denne turen. På veg ned Saltdalen til Rognan får vi lyst til å hoppe av toget og nytte det fantastiske turområdet, med markante dalar som skjer gjennom landskapet, gjennom den eine går vegen over til Graddis. Vestover mot Bodø folder eit nytt fjordlandskap seg ut.

Vi rekk akkurat ferja til Moskenes ytst i Lofoten, nokre få kilometer frå Å, enden av vegen. I løpet av ein dag er vi framme, dagen etter byrjar sykkeleventyret.

For variasjonen sin del tek vi Hurigruta sørover att og skal hente bilen. Men etter ei veke åleine på Hell er det kanskje ikkje så rart at den kokar. Kvifor tok vi ikkje

toget heile vegen? Med bilen trygt på ein verkstad er næraste hamn heime hos mor på Reitan, men får vi ta med syklane? Det er eit sjansespel å reise med sykkel på Rørosbanen, for der kan du ikkje kjøpe billett på førehand. Det er mogleg å ta med sykkelen på alle rutene til NSB, men på lokaltoga er det inga plassreservering og avgrensa kapasitet til sykklar. Du må berre krysse fingrane for ein triveleg konduktør og ein ledig sykkelplass. Vi er heldige, her er begge delar. To dagar seinare har den gamle skranglekassa vår fått spildrande ny radiator, montert på Hell Bil, sjølvsgat.